

**Dato:** 11.04.2023  
**Saksnr.:** 2023/39065  
**Saksbehandlar:** Eivind Eikenes Dahle



## Informasjon om planlagd transporttilbod

Under følgjer Skyss sine rammer for ulike delar av tilbodet for ny kontrakt i Nordfjord, Hardanger-Voss og Modalen-Vaksdal, med oppstart 22.juni 2025.

### Samandrag

Skyss har starta arbeidet med konkurranseutsetting av busskontraktar i regionane Nordfjord, Hardanger-Voss og Modalen-Vaksdal. Kontraktane har oppstart juni 2025. Det blir lagt opp til at det faste rutetilbodet vil bli vidareført, men med ein ambisjon om å utvide tenestene Serviceskyss og Trygt heim til å gjelde heile Vestland. I områder utan fast rutetilbod vil tenester for digital fleksibel bestillingstransport utviklast på utvalde stader gjennom kontraktperioden. Det vert lagt til grunn ei overordna målsetting om krav til nullutslepp, noko som vil gje føringar for el-infrastruktur og bussanlegg. Førebuingane vil også involvere viktige interessentar som kommunar, operatørar og sjåførar gjennom deira tillitsvalde og verneteneste.

### Rammer for rutetilbodet

Strategi for berekraftig mobilitet er Skyss sin fagstrategi, knytt til Regional transportplan. Strategien legg rammer for Skyss sitt arbeid med rutetilbodet. I tråd med strategien vil ein i arbeid med nye kontraktar legge til rette for ei vidare utvikling av kollektivtilbodet, og for at ein gjennom driftskontraktene også kan kjøpe nye tenester knytt til digital fleksibel bestillingstransport. Det blir ikkje planlagt for større ruteendringar knytt til oppstart av dei tre kontraktane. Driftskontraktane skal gje gode rammer for den kontinuerlege utviklinga av tilbodet, som mellom anna skjer gjennom systematisk arbeid med mobilitetsplanar, årleg ruteendring og budsjettvedtak. Alle tiltak som omtalast i dette notatet, forutset at nødvendig finansiering vert innvilga.



### Skuleskyss og lokale ruter

I alle dei aktuelle kontraktsområda er rutetilbodet i stor grad basert på behovet for skuleskyss med lokale tillegg for arbeidsreiser, og eit nettverk av regionale linjer. Godt tilbod til skule- og arbeidsreiser er, saman med viktige korrespondansar, prioritert i kontraktane.

Skuleskyss er ein lovfesta rett som Skyss er pliktig å tilby elevar som har krav på det. Tilbodet skal gje born ei trygg reise mellom heim og skule. Behovet for skuleskyss blir tilpassa gjennom årlege prosessar med søknadar om skyss, og gjennom dialog med skular og kommunar om skulenes start- og sluttider. Skulerutene er i all hovudsak opne for alle reisande. Det vil bli vurdert om ein i større grad skal køyre dette tilbodet alle kvardagar og ikkje berre skuledagar. Det vil gje eit meir føreseieleg og betre tilbod til dei reisande. Meirkostnaden ved dette skal utgreiast i vidare arbeid.

### Hovudlinjene

Hovudlinjene er lengre linjer i eit nettverk som bind regionane saman og gjev tilgang til regionsentra og andre større tettstader og viktige målpunkt. Det er omfattande korrespondansar mellom buss, båt, ferje og tog i nettverket. For Modalen/Vaksdal og Hardanger/Voss er hovudlinjene gjennomgått i løpet av dei seinare år, knytt mellom anna til arbeid med hovudlinjenett for Hordaland. På grunn av planane om eit styrka togtilbod Arna-Bergen når begge tunnelløp i Ulrikstunnelen står klart, vil det bli vurdert om hovudlinjer inn mot Bergen bør matast til tog.

I Sogn og Fjordane har ein i større grad samarbeid med kommersielle bussaktørar om hovudlinjene i fylket, gjennom takstsamarbeidsavtalar. Det blir arbeidd med ei eiga sak til politisk handsaming om hovudlinjenett og relasjonen til det kommersielle tilbodet (ref RS 59/2022 til SAMO). Denne saka forventast lagt fram for politisk handsaming i løpet av våren. Kommunane kjem til å få framlegg til hovudlinjenett for kollektivtrafikken til uttale snarleg.

Når det gjeld hovudlinjene i Nordfjord er det førebels tilrådd å komplettere det kommersielle tilbodet med fleire avgangar i regi av Skyss mellom Måløy-Nordfjordeid, Nordfjordeid-Stryn og Førde-Sandane-Nordfjordeid. Ei slik utviding vil ha ein relativt stor konsekvens for omfanget av produksjon i rutepakken, og vil ideelt sett trå i kraft i samband med oppstart av ny kontrakt.

Det er elles identifisert mange ønske og behov for styrking av fleire relasjonar i hovudlinjenettet. Det er ikkje mogleg å innfri alle slike ønsker. Dette skuldast primært det tilhøyrande behovet for auka budsjettmidlar / finansiering. Skyss legg til grunn eit tilbod på om lag same nivå som i dag ved oppstart av nye kontraktar. Vidare utvikling



av hovudlinjenettet vil skje gjennom dei vanlege prosessane for ruteendringar og budsjett.

I både Nordfjord og Hardanger/Voss er det tilbod særskilt retta mot turistmarknaden. Det blir lagt til grunn ein vidareføring av dette tilbodet på same nivå som i dag. Det er ønske og forventning om at kollektivtilbodet skal bidra til å bygge opp under turistmarknaden og lokalt næringsliv knytt til dette i fleire område. I distrikt der kollektivtilbodet ikkje er så sterkt, og i stor grad er avhengig av omfattande korrespondansar i nettverket, har slike tilpassingar ofte ein meirkostnad. I arbeid med anbudsgrunnlaget vil ein sjå på ønska tilpassingar til turisme særskild i Hardangerregionen.

### Serviceskyss

Serviceskyss er faste ruter som går på bestemte dagar, men som berre køyrer når dei er bestilt. Det er eit transporttilbod som er ope for alle, men der tilbodet likevel er skreddarsydd for eldre. Tilbodet skal dekke transport inn til kommunesenter, gjerne i tilknytning til konkrete tenester eller møtepunkt retta mot eldre i kommunen på dagtid. I områder med Serviceskyss er det ikkje anna rutegåande tilbod midt på dagen, utover skuleskyss. Serviceskyss er eit tilbod i Sogn og Fjordane. Det blir lagt til grunn at tilbodet her skal vidareførast i ny kontrakt. Samstundes vil Skyss greie ut kva det vil krevje å opprette liknande tilbod i kontraktane for Hardanger-Voss og Modalen-Vaksdal. Dei kommunane som i dag har eit tilbod som liknar serviceskyss er Kvinnherad, Voss og Etne, medan kommunane Tysnes, Bjørnafjorden (Fusa), Samnanger, Kvam, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Modalen og Vaksdal ikkje har eit slikt tilbod. Meirkostnaden vil bli utgreidd i vidare arbeid. Før oppstart av eventuelle nye tilbod vil ein sørge for dialog med aktuelle kommunar om korleis eit slikt tilbod bør innrettast.

### Trygt heim

Trygt heim er eit tilbod på natt i distrikta for reisande mellom 16 og 24 år. Andre reisande kan nytte tilbodet dersom det er ledig plass. Trygt heim-rutene blir køyrde av lokale selskap som nyttar både bussar, vanlege taxiar og maxi-taxiar. Informasjon om tenestene finn ein saman med anna ruteinformasjon på skyss.no. Trygt heim-rutene er etablert og forvalta under ulike rammes i dei tidlegare fylka. Dette gjer at det er ulikskap mellom tilbodet i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Det blir lagt til grunn at Trygt heim tilbodet i Nordfjord skal vidareførast. For kontraktane Hardanger – Voss og Modalen – Vaksdal vil Skyss greie ut kva det vil krevje å innføre liknande tilbod som i Sogn og Fjordane. I dag har Voss, Ulvik og Kvinnherad eit Trygt heim tilbod, medan Tysnes, Bjørnafjorden, Samnanger, Kvam, Eidfjord, Ullensvang, Etne, Modalen og Vaksdal ikkje har dette. Ved innføring av Trygt





heim på nye stader, vil det kome meirkostnadar i forhold til dagens kontrakt. Desse meirkostnadane vil Skyss greie ut i vidare arbeid, og involvere kommunar om konkrete tilbod når desse er kartlagt.

### Digital fleksibel bestillingstransport

Digital fleksibel bestillingstransport er transport innanfor eit definert område, som ikkje har faste traséar eller tider. Rutene blir planlagd etter kvart som reisande bestiller tur. Slike løysingar er baserte på digitale verktøy for automatisk, dynamisk ruteplanlegging i sanntid, og som oftast på digitaliserte bestillingsmoglegheiter for den reisande. Formålet med denne typen teneste er å gje større fleksibilitet for dei reisande, ved å skreddarsy ruta kontinuerleg etter bestillingar. Det er svært mange ulike variantar av slike tenester, og konkrete løysingar må vere tilpassa lokale behov.

Skyss har gjort overordna vurderingar av kvar i kontraktsområda det kan vere føremålstenleg å starte med å opprette soner for digital fleksibel bestillingstransport. Denne overordna kartlegginga er meint som eit underlag for vidare utgreiing, og å peike ut enkelte områder som kan vere spesielt egna. I arbeidet har Skyss gått breitt ut i heile kontraktsområdet, for å få ei god oversikt over potensialet og mogleghetsrommet for digital fleksibel bestillingstransport på ulike stader i fylket.

For å vurdere kor godt egna eit område er for fleksibel bestillingstransport, er det brukt fleire vurderingskriteria. Desse kriteria er:

- Busetnad og reisebehov for innbyggjarane i området
- Kor godt kollektivtilbodet er i området i dag
- I kva grad ein kan erstatte noko av dagens rutegåande tilbod
- Om fleksibel digital fleksibel bestillingstransport kan nyttast som transportmiddel til kollektivknutepunkt
- I kva grad digital fleksibel bestillingstransport kan nyttast til fleire ulike føremål (til dømes pasienttransport, handleturar, etc.)

I Nordfjord vil Skyss arbeide vidare med kartlegging av digital fleksibel bestillingstransport i Måløy, Stryn og Nordfjordeid, medan ein i Hardanger-Voss vil arbeide vidare med Voss og Kvinnherad (Husnes) med tanke på oppstart ved nytt anbod. Andre plassar vil og kartleggast gjennom kontraktsperioden, med oppstart i løpet av kontraktsperioden.

Vidare skal Skyss greie ut korleis eit digitalt fleksibelt bestillingstilbod kan sjå ut i dei identifiserte områda. Ein skal og greie ut kva meirkostnadar oppretting av eit fleksibelt tilbod vil føre til. For å gjere meirkostnaden så liten som råd, ser ein på moglegheitene for sambruk mellom digital fleksibel bestillingstransport og andre tenester. Med sambruk meiner ein at same køyretøy og personell kan nyttast til fleire ulike tenester,



som til dømes skuleskyss, serviceskyss, eller trygt heim. I ein del høve vil det og vere mogleg å omprioritere noko av dagens tilbod ved innføring av digital fleksibel bestillingstransport. Det vil òg bidra til redusert meirkostnad. For områda som er sett på som spesielt egna, vil Skyss ha dialog med relevante samarbeidspartnarar, i hovudsak kommunar. Slike tenester kan vere knytt tett opp mot kommunane sine ansvarsområde, og det er ønska å sjå heilskapleg på behov, løysing og finansiering. Skyss vil difor også kartlegge moglegheiter for medfinansiering frå kommunane for slike tilbod.